



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 15/11694-1

## **Møteplan kontrollutvalet 2016**

### **Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Møteplan for kontrollutvalet 2016:

Tysdag	26. januar
Torsdag	3. mars
Tysdag	12. april
Tysdag	31. mai
Torsdag	25. august
Tysdag	27. september
Tysdag	22. november

Vedlegg:

- Møte- og aktivitetsplan 2016 for kontrollutvalet

Andre dokument som ikke ligg ved:

- Saksprotokoll FU-sak 105/2015, Møteplan 2016

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Møteplan for møta i kontrollutvalet vert sett opp etter å ha teke omsyn til møte i andre politiske fora i fylkeskommunen, og då spesielt fylkestinget sine møte. Møteplan 2016 for fylkesting, fylkesutval og finansutval i tillegg til politikardagar vart vedteke av fylkesutvalet 4. november i FU-sak 105/15.

Det er utarbeidd ein møte- og aktivitetsplan for kontrollutvalet, som er vedlagt denne saka. Møte- og aktivitetsplanen inneholder andre aktivitetar som utvalet sine medlemmar vanlegvis deltek i, men i denne saka er det møteplanen for kontrollutvalsmøta som skal handsamast.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Erfaring frå førre utvalet viser at tysdag er beste møtedagen. Dette vil sannsynlegvis vere forskjellig alt etter samansettinga av utvalet. Det er i planen føresleger tysdagar og torsdagar som møtedagar i 2016, med hovudvekt på tysdagar.

Det er fastlagt fem politikardagar i 2016. Det er i stor grad lagt opp til å gjennomføre kontrollutvalsmøte dagen etter politikardagane, då det har vore vanleg praksis at medlemmane i kontrollutvalet har deleteke på desse. Oppmøte på politikardagane er teke omsyn til i budsjett for 2016.

Det er for 2016 sett opp 7 møte i kontrollutvalet – dette er eit møte mindre enn dei siste åra. Dette er eit av innsparingstiltaka som kontrollutvalet vedtok i KU-sak 59/14. Det er sjølv sagt mogeleg for kontrollutvalet å gjennomføre ekstramøte utover møta i møteplanen dersom det skulle dukke opp situasjonar som tilseier behov for det.

### **3. Konklusjon**

Kontrollsjef håper at medlemmane i utvalet, med opplegget som er skissert i denne saka, vil få eit godt grunnlag til å ta det ansvaret og gjennomføre dei kontrolloppgåvene som hører inn under vervet som medlem i kontrollutvalet for Sogn og Fjordane fylkeskommune.